



**Vi er inne i ein stor dugnadsmonad og også på Stemneplassen må det gjerast ein innsats.**

**Den faste vårdugnaden skal gå føre seg tysdag 11. mai.**

Hvis folk er flinke til å møte fram, bør plassen vera rydda og pussa opp på eitpar timar.

Frammøtet til desse dugnadane har vore sterkt varierende dei seinare åra, det har hendt at berre nokre få har møtt.

Men ein kan lesa i eldre rapportar at opptil 20 har stilt opp.

Ein skal hugsa på at dette er staden der høgdepunktet blir nådd i feiringa av 17.mai. Plassen må difor se skikkeleg ut.

Uskedalen har ein fin stemneplass og det er viktig at han blir nytta.

Biletet over er teke under dugnaden for 2 år sidan.

(Foto: Ola Matti Mathisen)